

Handlingsplan 2024 - 2025

Fagforbundet 747 Helse Førde

Vedtatt på årsmøtet den 29.01.2024.

Innleiing

Fagforbundet Helse Førde har hatt samling / opplæring for tillitsvalde og medlemmar med vara til styret.

Vi hadde gruppearbeid og fekk jobba godt gjennom alle punkt som kom på overordna plan i handlingsplan for 2024-2025.

Etter gruppearbeid hadde vi gjennomgang i plenum, og vart einige om det vi har teke med i denne handlingsplan.

Dette skal vere ein 2-årig handlingsplan, så vi kjem til å ha ei evaluering ved årsskifte 2024-2025.

Da vil vi sjå gjennom, lukke dei deler vi har gjennomført, og eventuelt legge til nye mål om vi ser det vert aktuelt.

Fagforeinga sin nosisitasjon og utfordringar på kort og lang sikt.

Utfordringar i eigen organisasjon jf. organisasjonsprogrammet 2022 – 2025 (vedteke av landsmøtet i 2022).

Fagforeiningane vart etter fylkessamanslåinga i større grad ansvarleg for at det blir gitt grunnopplæring til tillitsvalde. Vi ser at utfordringa er samansett, med ny opplæringsstrategi frå fagforbundet sentralt og manglande opplæring av eigne tillitsvalde til å utføre denne opplæringa.

Ikkje alle tillitsvalde har fått all naudsynt opplæring, det vil være prioritet i 2024.

Digital kompetanse blir meir i fokus og vi kjem til å ta i bruk KLAR-rommet som er ei digital plattform for klubbleiarar. (KLAR = klubbleiar sine arbeidsrom) Dette vert satt i gang så snart det er klart frå sentralt.

Strategiplanen 2024 - 2025

Strategiplanen er landsstyrets prioritering av arbeidet i heile organisasjonen. Eit av hovudmåla for Fagforbundet er auka tariffmakt. Den gir oss styrke til å ivareta medlemmene sine interesser overfor arbeidsgivar og i samfunnet, sjå Strategiplan 2024-2025.

Følgande område er prioritert:

- Heiltid, likeløn og kampen for mindre forskjellar
- Gode offentlege tenester med eigne tilsette
- Organisasjonsbygging og tariffmakt
- Fag- og tenesteutvikling
- Alliansebygging, myndigheitskontakt og fagleggpolitisk påverknadsarbeid
- Digitalisering

Heiltid, likeløn og kampen for mindre forskjellar

Hovudmål 2024-2025

- Færre jobbar deltid, og fleire av Fagforbundet sine medlemmar har heile, faste stillingar.
- Lønsgapet mellom kvinner og menn blir mindre.
- Forbetra og trygg medlemmane sine pensjonsrettar. Målretta innsatsen i privat sektor og tariff - festa kjønnsnøytrale og livsvarige pensjonsordningar.

Fagforeininga sitt mål:

- Heiltid.
- Likeløn
- Færre ulikheiter.

Tiltak:

- FTV møter fast i stillingsutvalet, der vert alle deltidsstillingar drøfta.
- FTV og TV følger med på stillingsutlysingar på eigne områder.
- Tillitsvalde bruker utarbeidd mal for krav om fortrinnsrett for deltidsstilsette ved ledig stilling.
- Vi vil bruke lokale forhandlingar til å prøve å jamne ut eventuelle lønsgap mellom kvinner og menn.

Grunngjeving:

Alle stillingar skal i utgangspunktet vere heile, faste stillingar.

Det er uheldig dersom det er stor ulikheit i løn mellom kvinner og menn.

Gode offentlege tenester med eigne tilsette

Hovudmål 2024-2025

- Konkurransenutsetting, privatisering og sosial dumping motverkast gjennom påverknadsarbeid, kartlegging, kunnskap og skulering.
- Offentleg finansierte tenester blir ikkje konkurransenutsette, og ein større del av tenestene i helseføretak driftast med eigne tilsette.
- Styring og leiing i offentleg sektor bygger på tillit og treparsarbeid.

Fagforeininga sitt mål:

- Unngå konkurransenutsetting.
- Ta ned innleige.

Tiltak:

- Tillitsvalde må følgje med på sine områder slik at ein kan reagere raskt om noko er på gang i organisasjonen.
- Få oversikt over bruk av vikarbyrå og kjøp av tenester i Helse Førde.
- Jobbe for å auke grunnbemanninga for å ta ned behov for vikarar og innleige.
- Tillitsvald etablerer samhandlingsmøter på avdeling- og seksjonsnivå.

Grunngjeving:

God dialog mellom tillitsvald og leiar vil gje god kunnskap og ein kan reagere raskare når ting oppstår.

Ein ser av erfaring at månadlege partsmøter er godt utgangspunkt for god samhandling.

Organisasjonsbygging og tariffmakt

Hovudmål 2024-2025

- Styrka tariffmakt i Spekter helse.
- Ti prosent auke av lærlingmedlemmar.
- Ti prosent auke av studentmedlemmar.
- Tillitsvalde nyttar forbundet sine ulike kommunikasjonsplattformer i arbeidet.
- Tillitsvalde har kompetanse og verktøy til å utøva sitt verv.

Fagforeininga sitt mål:

- Auke medlemstal, 55 nye medlemmar i 2024
- Vi skal verve fleire nye lærlingar i 2024
- Vi skal verve fleire studentar i 2024
- Vere synleg for alle tilsette og studentar på vår arbeidsplass.
- Få på plass tillitsvalde på alle område.

Tiltak:

- Besøke alle arbeidsplassar i løpet av året.
- Ha stand på FSS/NSH/LSH to gangar i 2024
- Tillitsvalde må ha tilgang på info-konvolutt som kan brukast til moglege medlemmer, eller sende e-post til nye tilsette med informasjon.
- Henge opp plakat med oversikt over kven som er tillitsvald på alle arbeidsplassar.
- Stand på høgskulen og vidaregåande skule
- Kontakt med alle lærlingar i Helse Førde

Grunngiving

Fleire medlemmer vil styrke posisjon og makt.

Gode medlemstal er viktig for å kunne oppretthalde eller auke frikjøp av tillitsvald.

Ved å ha stand på høgskulen og ved vidaregåande skule treff vi studentar og elevar som er på veg ut i arbeidslivet.

Ved å ha stand på arbeidsplassen treffer vi både eksisterande medlemmer og potensielle nye medlemmer.

Fagforeininga sitt mål:

- Vi skal ha godt skulerte tillitsvalde

Tiltak

- Alle tillitsvalde deltek på grunnskoleringa til Fagforbundet
- Gjennomføre nettverksmøte ca. 1 gang i månaden (digitale/fysiske) for tillitsvalde etter hovudavtalen (HA)
- Sette opp kurs /skulering for tillitsvalde etter HA i aktuelle tema
- Gjennomføre 2 felles styre - og tillitsvaldsamlingar.
- Legge til rette for at tillitsvalde etter HA kan delta på andre aktuelle kurs/ konferansar i regi av Fagforbundet eller LO evt. andre.

Grunngjeving

Samlingar mellom tillitsvalte og styret etter HA vil styrke kompetansen gjennom å utveksle erfaring og lærer av kvarandre.

God opplæring og kompetanseheving gir trygge og sikre tillitsvalte som er godt forberedt til å møte leiarar, medlemmer samt verve nye.

Fag- og tenesteutvikling

Hovudmål 2024-2025

- Prioriterte yrkesgrupper og område er synleggjort.
- Fleire medlemmar har tilbod om relevant kompetanseheving.
- Talet på læreplassar samsvarer med arbeidets og samfunnets behov.
- Fagforbundet er ein aktiv aktør i klimapolitikken, og medlemmane tar del i det lokale klima- og miljøarbeidet.

Fagforeininga sitt mål:

- Gje tilbod om yrkesfaglege kurs til alle yrkesgrupper.
- God informasjonsflyt mellom yrkesseksjonane og medlemmene
- Auke tal lærlingar i Helse Førde

Tiltak:

- Vidareformidle yrkesfaglege kurs arrangert av Fagforbundet Vestland og andre t.d. AOF

- Gjennom medlemsmøte få inn tips om yrkesfaglege kurs som er etterspurd.
- Støtte medlemmer som tek vidare- og etterutdanning med stipend
- Stand på vidaregåande skular som har t.d. helsefag

Grunngjeving:

I dagens samfunn er det viktig at alle unge får moglegheitene til å ta fagbrev. Det er viktig å kunne vidareutvikle seg- «læring heile livet» er eit viktig prinsipp. Samfunnet er stadig i endring, det er viktig for oss at våre medlemmer kan vere med i denne endringa og tilpasse seg den.

Alliansebygging, myndigheitskontakt og faglegpolitisk påverknad

Hovudmål 2024 - 2025

- Engasjera medlemmar og tillitsvalde til å fremja Fagforbundet sin politikk.
- Fleirtalet av Fagforbundets medlemmar har brukt sin stemmerett i stortingsvalet i 2025, og stemt på parti som støttar forbundets mål og arbeid.
- Bygga kunnskap og alliansar for klima- og miljøsaka nasjonalt og lokalt.
- Ha eit godt samarbeid med parti som deler Fagforbundet sin ideologi og sine verdiar.

Fagforeininga sitt mål:

- Få engasjerte medlemmer og tillitsvalde som kan fremje Fagforbundet sin politikk
- Påverke/informere våre politikarar til å føre "vår" politikk, spesielt med tanke på arbeidsliv og sjukehuspolitikk

Tiltak:

- Sette faglegpolitisk samarbeid opp som tema på ei samling
- Invitere politikarar med på arbeidsplassbesøk og møte.

Grunngjeving:

Vi ynskjer å behalde medlemmer uavhengig av politisk tilhøyrigheit – og ynskjer å ha medlemmer som er politisk engasjerte.

Ved å møte politikarar kan vi formidle direkte til dei kva vi ser som utfordringar og løysingar.

Digitalisering

Hovudmål 2024 - 2025

- Nasjonal/offentleg skyteneste blir vedteken.
- Digitale løysingar i offentleg sektor er integrert i partssamarbeidet.
- Det er sett i gang arbeid for å motverka digitalt utanforskap.
- Forbetra digital kompetanse hos tillitsvalde.
- Tillitsvalde har enklare tilgang til relevant informasjon og verktøy for å utøva vervet.

Fagforeininga sitt mål:

- Ha kompetanseheving på digitale løysingar

- Innføre og ta i bruk den nye plattformen til Fagforbundet – M365.
- Ta i bruk KLAR-portalen
- Gjennomføre digitale møter 50%

Tiltak:

- Kurs i Office M365 for tillitsvalde etter HA og det nye styret
- Bruke teams til halvparten av møta

Grunngjeving:

Vi treng å jobbe smartare, og forbetre den digitale kompetansen blant tillitsvalde.

Vi vil få betre informasjonsflyt i organisasjonen ved å bruke digitale verktøy.

Det vil vere viktig med rett balanse mellom digitale og fysiske møte, viktig med fysiske møteplassar sidan vi er så spreidde i det daglege.

Digitale møter sparar tid og miljø., og det har ein økonomisk gevinst.

Eventuelle organisatoriske utfordringar som ikkje følger av strategiplanen, anten som følge av overordna fatta vedtak eller vedtak fatta i fagforeiningsstyret.

Utfordring for oss i Fagforbundet Helse Førde er eit stort geografisk område.

Vi sparar tid og ressurs ved å holde møter digitalt.

For å ha god samhandling mellom styret og tillitsvalde har vi doble samlingar x 2 pr år. Det er viktig for å bygge bru og for å bli kjent og trygge på/med kvarandre.